

## 24. Styringsgruppemøte

Utviklingsprosjekt NAV region  
Nordhordland

Status og finansiering

28.10.22 // Aina Merete Steinsland og Ane Bysheim





<b>Referat Styringsgruppemøte Utviklingsprosjekt NAV region Nordhordland</b>		Møtedato:	Referent:
		28. oktober 2022	Aina Merete Steinsland
<b>Til stades:</b> Bjarte Hysing-Olsen, Greta Lauritsen, Magne Ottar Espelid, Sissel Kvingedal, Ingvild Kirsti Hjelmtveit, Arngunna Haga (for Jane Britt Daae), Svein Helge Hofslundsengen, Ane Bysheim og Aina M. Steinsland.			
<b>Forfall:</b> Anne Kverneland Bogsnes, Jens-Eivind <u>Kobbeltvedt</u> (erstattar Erik Askeland i styringsgruppa), Jane Britt Daae, Martin Kulild og Lena Ytreland			
Sak nr.:	Tema	Konklusjon	
33/22	Velkommen ved Ingvild Kirsti Hjelmtveit	Ingvild er ordstyrar og ønsker velkommen. Ingvild gjev ordet til Aina som innleier dagens saksliste.	
34/22	Status og orientering pilot – kva har skjedd sidan sist, samt plan framover	<p>Ane går gjennom status om kva som har skjedd sidan sist, samt plan framover. Sjå underlag for detaljar.</p> <p><b>Kommentar til gjennomgang frå styringsgruppa:</b></p> <p><i>Viktig at samarbeidspartar rundt som har fått mykje materiell og informasjon må bidra inn i marknadsføring av tilbodet slik at Jobbmot kan bruke ressursar på dei som treng oppfølging. Dette gjeld og representantane i styringsgruppa.</i></p> <p><i>Opplæring i bedrift – kommentar frå Ane; her ser vi og til Steigen og andre modeller for å hente inspirasjon.</i></p> <p><i>Det som har vært bra med Jobbmot er at dei har hatt ein praktisk tilnærming og god erfaring med sommarjobb satsinga</i></p> <p><i>Vi har eit utanforskap og folk er einsam i sitt utanforskap og vi må styrke ungdom.</i></p>	

		<p><i>Hovudmålet til prosjektet om at «Arbeidsgivar skal ta i bruk den unge arbeidskrafta» og der har vi alle eit ansvar for å sikre det – og utover Jobbmot og NAV.</i></p> <p><i>Vi må vera ryddig og vi må ta diskusjonar kor ting ikkje fungerer og vi må utfordre kvarandre slik at ein kvar enkelt eining og etat er sitt ansvar bevisst.</i></p> <p><i>Vi er mange som jobbar med ungdommar og det er stort potensiale når vi samlar kreftene og ressursane. Og dette arbeidet treff ei nerve! Det kunne jo vera ein idé å samle folk på tvers, på eit overordna nivå, for å sjå kva moglegheiter det er å jobbe meir på tvers.</i></p> <p><b>Vedtak under dette punktet:</b>  <b>Møtestruktur i 2023</b></p> <p>Fredag 24.mars kl. 1200 – Teams møte      Fredag 02.juni kl. 1200 - Fysisk      Fredag 08.september kl. 1200 – Teams møte      Fredag 08.desember kl. 1200 – Fysisk</p> <p><b>Merk datoane i kalender, så vil Ane sende ut invitasjon i veke 45.</b></p>
35/22	Finansiering av pilot framover mot 2024	<p>Aina orienterer kjapt gjennom det som styringsgruppa har fått ut til førebuing både i forkant av styringsgruppemøte 24.juni, 31.august og til dagens styringsgruppemøte, 28.oktober. Styringsgruppa fekk i oppgåve å sjekke opp i kva sin kommune kan bidra med for å sikre finansiering av pilot og bygge den regionale plattforma som er ynskjeleg. Det har også vore dialog med dei ulike kommunane for å få tilbakemelding på korleis dei ulike kommunane still seg til både å delta i ein finansiering av ein ungdomslos til, samt premissar.</p> <p>Sjå underlag knytt til finansiering for alle detaljer.</p>

**Diskusjon og kommentar i møtet:**

Kva med NAV – kunne dei vært med på finansiering? Rammene blir nok mindre og øyremerka midlar kan komme, men det blir delt ut til regionen så da blir det ev ein intern diskusjon.

Det er økonomisk utfordrande og det er så mykje som er uavklart som ein ikkje har landa i kommune økonomien – som treff alle kommunane.

Kom opp forslag om kommune tilsett ungdommar i opplæring i bedrift? Fint ynskje og mål, men ikkje så lett i praksis no. Vi er alle arbeidsgjevarar og vi skal sjølv sagt vera vårt ansvar bevisst.

Er det mogleg å sjå om ein klarar og snu og retta ein stilling i kommunane som kan jobbe som Jobbmot? Eventuelt om ein kan sette av prosent del av eksisterande stillingar i kommunane i dag? Det er viktig å sjå moglegheiter. Det kan og vera at det er nokon som treng omstilling i kommunen. Så er her er det fleire moglegheiter.

Ein kan og sjå på andre modeller for med finansiering og sjå kva moglegheiter som for eksempel ligg i Fylkeskommunen.

Det er ønskjeleg å soke om bufdir midlar, men det er framleis uklart om alle kommunane er med i utviding og tilsetjing av ei ny ungdomslos. Pr i dag er det kun Osterøy og Masfjorden som har sagt ja til å vera med og det er gjerne litt smalt når ein har større område å dekke.


Dei vi veit pr i dag som ikkje er med er, Fedje, da dei har eigen los. Solund har og ytret at dei ikkje ynskjer å vera med å spleislag då ungdommen flyttar frå Solund for å gå på vidaregåande skule.



		<p><b>Vedtak under dette punktet:</b></p> <p>Styringsgruppa godkjenner at ein ynskjer å utvida jobbmot med ein ungdomslos til, men eit premiss er at ein får tilskotsmidlar til å dekke minst 50% av stillinga frå <u>bufdir</u> eller andre tilskotsordningar.</p> <p><u>Osterøy</u> stillar som søker og utviklingsprosjektet kan bidra med innsøkningstekst til koordinator i kommunen. Frist for å søkje om midlar er <u>18.november 2022!</u> Kontaktperson hos kommunen tar kontakt med prosjektleiar av utviklingsprosjektet for bistand.</p> <p>Ungdomslos stilling vil først kunne tilsetjast når ein har fått tilskotsmidlar.</p> <p>Austrheim/Masfjorden vurderer og å søkje, men dette føl Svein Helge Hofslundsengen opp og kjem tilbake til – og da vil og utviklingsprosjektet kunne støtte opp om sjølve søknadsteksten.</p> <p>Dette arbeidet må vidare fylgjast opp av styringsgruppa i 2023</p> <p><b>Spørsmålet:</b> « <i>Korleis få oversikt over alle initiativ knytt til ungdom i alle kommunane i regionen? Og korleis sikre at dette er koordinert i regionen og inn mot jobbmot?</i> </p> <p>Overførast til neste år som ein sak som Jobbmot føl opp.</p>
36/22	Eventuelt	
	Neste møte	Styringsgruppemøte 2.desember kl. 1200-1500 NAV Alver Tema: Sluttrapport (og den blir ikkje sendt ut i forkant av møtet).
	Godkjenning av referat	Referat godkjent.

# Saksliste

- Velkommen v/Ingvild
- Del 1 Pilot
  - Status og orientering – kva har skjedd sidan sist
  - Plan framover
  - Avklaringar (om det er nokon)
- Del 2 Finansiering
- Eventuelt/oppfølging



# Prosjektmål

## Hovudmål

Sikre at arbeidsmarknaden tek i bruk den unge arbeidskrafta vi har i regionen.

## Resultatmål/delmål

- Samhandle med næringsliv og utdanningsinstitusjonar slik at ein matchar regionens behov.
- Utvikle treffsikre tiltak og metode for oppfølging av ungdom som er basert på individuelle behov og med høg grad av brukarmedverknad.
- Å bruke tilgjengelege ressursar til å jobbe koordinert, saumlaus og kunnskapsbasert med oppfølging av ungdom.

## Effektmål

Få fleire sjølvberga unge i arbeid og utdanning.

## Målgruppe:

Ungdom under 25 år som mottar oppfølging frå NAV og som har behov for oppfølging utover direkte formidling til kvalifisering, utdanning eller arbeid.

## Omfang:

- Statlege og kommunale tenester
- Kompetanseutvikling av medarbeidarane
- Organisering av arbeidet i NAV kontora i regionen



1	Avsluttet	ar	Ingvild		Videregående skole
2	Avsluttet	en	Ingvild		Videregående skole/læretid
3	Aktiv	min	Ingvild	Jobb /Ønsker oppplæring i bedrift	Gruppeaktivitet hos NAV
4	Avsluttet	re	Ingvild		Videregående skole
5	Aktiv	st	Ingvild	Deltidsjobb/ VTO	
6	Aktiv	alla	Ingvild	Skole eller jobb	Gruppeaktivitet hos NAV
7	Aktiv	ste	Ingvild	Deltidsjobb	Studiespesialisende, vg1
8	Avsluttet	wa	Ingvild		Jobb
9	Avsluttet	ta	Ingvild		Videregående skole
10	Avsluttet	ili	Ingvild		Videregående skole
11	Kun info	iki	Ane		
12	Kun info	sa	Ingvild		
13	Aktiv	an	Ingvild	Deltidsjobb	Studiespesialisende, vg3
14	Aktiv	as	Ingvild	Ønsker oppplæring i bedrif	
15	Avsluttet	arr	Ingvild		Videregående skole
16	Aktiv	asp	Ingvild	Jobb innen bygg og anlegg	Voksenopplæringen
17	Kun info	me	Ingvild		
18	Avsluttet	an	Ingvild		Jobb
19	Kun info	ha	Ingvild		
20	Aktiv	on	Ingvild	Ønsker fulltidsjobb	Arbeidstrening - Bunnpolis
21	Pause	ost	Ane	Ønsker oppplæring i bedrift	Hos jobbspesialist
22	Aktiv	is	Ingvild	Fulltidsjobb og oppplæring i basisfag ungdomsskole	Jobbsmak
23	Avsluttet	ar	Ingvild	Fulltidsjobb	Jobb Alversund skole, ringevikar
24	Kun info	ak	Ingvild		
25	Aktiv	be	Ane	Jobb	Vekterkurs 24.10-11.11
26	Aktiv	av	Ingvild	Arbeid	Jobb hos Dekkhuset
27	Aktiv	ut	Ingvild	Deltidsjobb	Videregående skole
28	Aktiv	silj	Ingvild		Gruppeaktivitet hos NAV
29	Aktiv	nn	Ingvild		Hyssingen
30	Aktiv	ths	Ingvild	Lærepllass salgsfag - gjerne interier/møbel	Ingen
31	Aktiv	illd	Ingvild	Jobbsmak innen vekter/anleggartner	Jobb (ringevikar dyrebutikk) Gruppeaktivitet hos NAV
32	Avsluttet	Ad	Ane	Jobb/skole	Startet på Hop vgs
33	Aktiv	Kri	Ane	Lærlingfull oppplæring i bedrift svies	Ingen
34	Aktiv	obi	Ingvild	Lærepllass maksiniferer	Ingen
35	Aktiv	im	Ingvild	Lærepllass elektiker	Deltidsjobb hos Meny
36	Aktiv	art	Ingvild	Ønsker jobb butikk	Ingen
37	Aktiv	ad	Ane	Jobb 3 dg	gen - venter på arb trming Frekhaug vin
38	Aktiv	ed	Ingvild	jobb IT	jobsøker - kontakt - 2 uker
39	Aktiv	dris	Ingvild	Deltidsjobb - butikk	Rossland ungdomsskole
40	Aktiv	T	Ane	Lærling/jobb	Ingen
41	Aktiv	nif	Ane	Jobb	Ingen
42	Venter	ya	Ingvild	Deltid	Knarvik ungdomsskule
43	Kun Info	ist	Ingvild		
44	Venter	ati	Ane	Starte yrkesfag mekaniker eller elektiker	Norskurs
45	Aktiv	ai	Ane	jobb i bar	
46	Aktiv	svi	Ane		

# Orientering om status portefølje: pr. 28.10.22

## Portefølje:

**47 kandidatar** har tatt kontakt med Jobbmot. 23 har NAV rettleiar.

**27 er aktive.** 10 er avslutta, 6 ville berre ha informasjon og 2 ventar, 1 pause

Ingvild (Alver): 20

Ane (andre kommunar + Alver): 8 (Osterøy 2, 3 frå Fensfjorden (1 er avslutta), 3

Alver)

Anntal som er formidla til jobb: 13

Alder: 15: 3, 16:2, 17: 9, 18: 4, 19:3, 20: 7, 21: 4, 22:2, 23: 2, 24: 2, 25: 1

Kvar kjem kandidatane frå? Salto, barnevern, konfliktrådet, OT og NAV (flyktningteneste, NAV sosial men mest ungdomsavdelinga)

Kva ønskjer dei hjelp til? Få personleg hjelp. Finne jobb: besøke arbeidsgivarar, lage CV og søknad. Finne ut kva som er mogleg for så å søke riktig skule

Risikoar: Å bli ein avlastande teneste der det er kapasitetsutfordringar

# Orientering: informasjonsarbeid

Innlegg Dagsseminar om framtidas folkehelse og arbeidsliv fredag 9. 09.22

Innlegg Ungdomsnettverket for Nordhordland 21.10.22

Workshop - tverrfagleg samarbeid helsehuset 25.10.22

Fagsnutt Nordhordland 07.09.22

Avis Strilen og Nordhordland 14.09.22

Nyheit NAV Vestland 11.10.22



Nyheter Næringsliv Kultur Sport Direktesport Kjøp annonse

**Ane og Ingvild skal vise  
ungdom vegn til arbeidslivet**



**JOBBMOT:** (T.v.) Ungdomslos Ingvild Flatey og prosjektleiar Ane Byshem er glade for å kunne tilby eit kompetansecenter der dei skal jobbe med å knytte ungdom opp mot arbeidslivet. Foto: Karoline Nordgulen

Det tok ikkje lang tid før det ramla inn med unge som ønskte hjelpe. Prosjektleiar Ane og ungdomslos Ingvild håpar at tilbodet kan bli verande.

For abonnementar

– Vi har hatt mykje å gjøre på heilt sidan vi starta, seier ungdomslos Ingvild Flatey i Nav Alver.

## Strilen

Nyheter Kultur Sport Meininger Folk

**Jobbmot skal hjelpe ungdom som fell utanfor: – 11 fekk sommarjobb**

Jobbmot er eit nyttil tilbod retta mot ungdom frå 10. klasse, som gjerne fell litt utanfor skule. Og det streymar allereie på med telefonar.



**Ungdomslos Ingvild og prosjektleiar Ane skal hjelpe ungdom som ikkje heilt veit kva dei ønsker med tanke på utdanning og jobb. Foto: Henrik R. Hauken**

**Henrik Rambjør Hauken** Publisert: 14.09.2022 kl 20:09

Telenor til Jobbmot går varm om dagen.

Meir enn 26 ungdommar har tatt kontakt med det nye pilotprosjektet til Nav Nordhordland.

Av dei 12 som søkte hjelpe til å få sommarjobb, fekk 11 kortare eller lengre sommarjobb.

Samarbeider breitt om tilbod til ungdom i Nordhordland

**Det nye tilbodet til ungdom i Nordhordland har allereie blitt svært populært. I sommar fekk 11 unge sommarjobb gjennom prosjektet.**

Publisert 11. oktober 2022

Jobbmot er eit pilotprosjekt som skal hjelpe ungdom som søker å kome i arbeid, utdanning eller aktivitet. Tilboden dekker kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Osterøy, Modalen og Solund, og skal hjelpe ungdom frå 10. klasse til 25 år i å finne sin veg i arbeid, utdanning, skule eller anna aktivitet.

Prosjektleiar Ane Byshem og ungdomslos Ingvild Flatey fortel at dei i sommar leita breitt for å finne aktuelle ungdomar som kunne nyte seg av sommarjobbtilbaket.

- Ulike avdelinger på NAV Alver leita i familiene til flyktningtenesta, sosialtenesta, og ungdomsavdelinga. Vi i Jobbmot fant arbeidsgivarar, og ungdoms- og integreringsavdelingane blei kopla på for å gjennomføre sommarjobbtilbaket, seier Flatey.

Ho roser arbeidsgivarane som på kort varsel gav uerfaren ungdom ein sjans.

– Hadde det ikkje vore for dei, ville det ikkje blitt ein så stor suksess. Det var ulike bransjer som gav ungdom jobb, både innan helse, butikk, kyrkje, fiske-produksjon, dekkhus og bilverksted. Nokre av ungdommane trengt tett oppfølging medan andre blei kjapt sjeldendige, seier Flatey.



Ungdomslos Ingvild Flatey (t.v) og prosjektleiar Ane Byshem opplever no ein aukje blent både ungdom og foreldre som ønsker kontakt.

**Prosjektleiar Jobbmot**



Byshem, Ane  
148125

# Sikkerheitsvurdering



- For å nyte andre møteplassar t.d. møterom på Dampen, møter hos arbeidsgivar og liknande har det vore nødvendig å få ei risikoanalyse av alle møteplassar for jobbmot. Dette involverer prosjektgruppa, sikkerheitsgruppa, leiar, medarbeidarar, verneombod.
- Det er krevjande arbeid i.o.m. at prosjektet ønskjer å levere nye tenester ute der ungdom møtast, at det ikkje må vera registrert i NAV. Det kan vera ein risiko at vi ikkje kan jobbe på måten som var utviklingsgruppa sin intensjon, eller at flytte til andre lokal ikkje kan få effekten som var tenkt.
- Særleg krevjande er det å kunne møte hos arbeidsgjevarar i distriktet med ungdommar som ikkje har transport sjølv.

# Orientering: status samarbeid

## Kven koplar vi på?

Nytt samarbeid med jobbverkstaden både henvise til vanleg møter (tirs og tors), og eige kurs før jobbmesse tilpassa tider for dei som er på skule.

Ressursgruppa – under test – anonyme casar og dei med riktig nettverk vert kopla meir direkte

Arbeidsgivarar – kontakte, besøke i lag med kandidat

Bedriftskontakt - være i kontakt med bedrifter å snakke om rekruttering/ inkludering av ungdom

## Intensjonsavtalar:

Modalen har signert,  
Fedje utset pga. personalsituasjon

## Avtalar med tenester

Er med å utforme avtale med NAV  
barnevernet.

Lite helse-behov pr. No  
Samarbeider med Kompetansenter  
for robotteknologi for å sjå nye vegar  
innan Vfk og opplæring i  
bedrift/kortare kurs

# Orientering: Framdrift og mål

## Hovudmål

- Jamn tilstrøyming av nye ungdommar
- Få til samarbeid med samarbeidspartnerar
- Kontakte 10 arbeidsgivarar per mnd.
- Hjelpe ungdommar med å nå sine mål
- At ungdommen og samfunnet veit om oss
- Til stade på ungdommens arenaer


## Delmål september-oktober

- Få etablert samarbeid med ressursgruppa innan 30.september
- Ha oppfølging av 10-15 ungdommar innan 30.september- Ingvild
- Innan oktober har vi oppfølging av 5 ungdommar der alle NAV kontor er med- Ane
- Avklare korleis jobbe saman med/nytte jobbverkstad ved NAV Alver
- Finne egna måte for tett og hyppig kommunikasjon med samarbeidspartane (NAV, SALTO, OT, barnevern etc)
- Tettare samarbeid/kjennskap til «full opplæring i bedrift» innan 30.oktober

## Delmål november- desember

- Til stades/ha stand på utdanningsmesse 22/23.nov - har materiell klart og er påmeldt
- Få samarbeid med psykisk helse innan 30.november
- Ha 3 hospiteringar (frå 1 dag til 1 uke) innan 30.november. ( OT, barnevern, psykisk helse...)

# Orientering om framdrift Milepæler for høst 2022



\*NB! Etablering av portal er flyttet fram til 2023 ettersom det er ein del av prosjektet som det eventuelt skal søkast eksterne midlar på, og da kan det ikkje være påbegynt før ein søker.

# Kva har vi lært og kva ser vi manglar?

- Raskt personlege møte
- Følge ungdommens ønske og utforske i lag
- Kortare kvalifiserande kurs – t.d. HMS, roterande maskiner og tekningslesing
- Meir direkte og praktisk hjelp til jobbsøking og arbeidsgiverkontakt
- "Noko" som er inkluderande arena med fokus på sosiale møteplassar
- "Noko" der ein i et godt miljø kan "jobbe seg opp"
- Fleire jobbar til dei under 18 – deltid
- Mei informasjon om opplæring i bedrift - både til ungdom/foresatt og til arbeidsgivarar
- Et systematisk arbeid rundt full opplæring i bedrift
- Betre oversikt over alle tilbod – sett frå ungdomens side

# Orientering: Erasmus + Småskalasamarbeid



[◀ Programmer](#)

## Erasmus+ (2021-2027) Småskalapartnarskap

Småskalapartnarskap er ei prosjektordning som eignar seg for nye søkerar som vil prøve ut europeisk samarbeid innanfor utdanning og kompetanseutvikling.

Prosjekta skal bidra til å støtte relevant utvikling innanfor utdanningsområdet. Herunder kan ein i partnarskapane blant anna utveksle erfaringar, metodar og praksis tilknytt utdannings- og kompetanseutvikling, auke kompetanse i eigen organisasjon, samt bygge nettverk lokalt og internasjonalt.

Samarbeid VFK, Osterøy Vgs, opplæring i bedrift , næringslaget, arbeidsgivarar.

Kontaktseminar – Learn about Small Scale Partnership København 6-8 nov 22

# Vedtak: Møtestruktur styringsgruppe 2023

Forslag: møte 4 ganger i året - ca kvar 3 mnd

Mars veke 10 – Fredag 10.03 kl. 12.00 – Teams

Juni veke 22 – Fredag 02. 06 kl. 12 – Fysisk

September veke 37 – Fredag 15.09 kl. 12 – Teams

Desember veke 48 – Fredag 01.12 kl. kl. – Fysisk

Diskusjon og innspel i møte: Er det riktig intervall, passer møtetidene eller skal det sendast ut ein forms for aktuelle møtetider i føreslått vekenr? Forslag til kvar dei fysiske møta skal vere.

**Framlegg til vedtak:**

**Styringsgruppa skal møtast 4 gonger i 2023. Møtetider som foreslått / avtalt i møte**

## Finansiering av pilot framover mot 2024 – førebuing til styringsgruppemøte 31.august

Kva skal til for at pilot prosjektet  
ikkje strandar til tross for  
manglande tilskotsmidlar?

Kva skal til for å få den regionale  
plattforma som er ynskjeleg?



# Bakgrunnsinformasjon

## Vedtak Finansiering av prosjektleiar frå styringsgruppemøte 15.09.2021

Alver står som garantist for Alver kommune sin del og for statleg del av finansieringa. Midlane som det garanterast for er etter fordelingsnøkkelen (nemnt under) mellom kommunane i styringsgruppa. Dette forutset at det søkast om aktuelle prosjektmidlar.

Styringsgruppa godkjenner finansiering av prosjektleiar etter fylgjande fordeling: Dele 50/50 mellom alle kommunane som eig prosjektet og NAV region Nordhordland (stat). Fordelingsnøkkelen i kommunane blir etter ungdommar i aldersgruppe pr januar 2021. Prosjektmidlar vil redusere den faktiske utgelta til kommunane og NAV region Nordhordland.

**Risiko\*** R7, R8 og R11 heng tett saman og får ein ikkje sikre finansiering (R13) så vil konsekvensen bli R14

### Status finansiering:

Prosjektleiar: Inga prosjektmidlar tildelt til tross for 3 søknader

Ungdomslos: Kun dekning for ungdomslos i Alver kommune (overførte bufdir midlar dekker 50% stilling ut prosjektpериодen, resten dekkes av NAV Alver (kommune).

\*Risiko: R7: Risiko usikker effekt for kommunane utan los, R8: Risiko for at tilbodet ikkje blir likt i regionen, R11: Risiko for at en ikkje når like godt i alle kommunar heng tett saman, R13: Risiko for ikkje ha tilstrekkeleg finansiering og R14: Risiko for at det blir et Alver-senter

# Riskoreduserande forslag til tiltak i test/implementerings fasen

R ID	Risikhending	Risikoeigar	Tiltak	Tiltaksansvarleg
R4	Risiko for å ikkje nå ut til all ungdom i målgruppa	Prosjektleiar pilot	<p>Oppsøkande verksemder.</p> <p>Få opp portalen og lage plan for dette (Q4 22/Q1 23).</p> <p>Informasjon til samarbeidspartner, inkl. produsere materiale om senteret til samarbeidspartnalar og ungdom.</p> <p>Møte ungdommene der dei er.</p>	Prosjektleiar pilot
R5	Risiko for brot på personvern	Prosjektleiar pilot	Ha samarbeidsavtaler. Ha klart fullmakt til ungdom. Informere samarbeidspartner om korleis senteret skal hindre brot på personvern	Prosjektleiar pilot
R7	Risiko usikker effekt for kommunane utan los	Prosjektleiar pilot	NAV-kontorene skal ha egne kontaktpersonar som piloten kan samarbeide med. Det skal vere Workshop med kontaktpersonane der dette vil vere eit av tema	Prosjektleiar pilot Styringsgruppa NAV leiarane
R8	Risiko for at tilbodet ikkje blir likt i regionen	Prosjektleiar pilot	NAV-kontorene skal ha egne kontaktpersonar som piloten kan samarbeide med.	Prosjektleiar pilot Styringsgruppa NAV leiarane
R11	Risiko for at en ikkje når like godt i alle kommunar	Prosjektleiar pilot	NAV-kontorene skal ha egne kontaktpersonar som piloten kan samarbeide med. Informasjon om piloten må nå ut i alle kommunar. Lage eigen kommunikasjonsplan. Informasjonsdeling er en del av intensjonsavtale med kommunane	Prosjektleiar pilot Styringsgruppa
R13	Risiko for ikkje ha tilstrekkeleg finansiering	Styringsgruppe	Til hausten følges opp videre samarbeid med kompetansesenteret, saman med kommunane - lage en intensjonsavtale. Søke på tilgjengelege midlar. Styringsgruppa må komme med innspel til finansieringsmidlar.	Prosjektleiar pilot Styringsgruppa NAV leiarane Utviklingsprosjektet
R14	Risiko for at det blir et Alver-senter	Prosjektleder pilot	Informasjon om at vi startar med Alver- så vil det rulles ut videre i dei andre kommunane. Dei øvre NAV kontora får på plass kontaktpersonar og på sikt eigne losjer knytt til piloten. NAV må våge å drive førebyggande sjølv i vanskelege økonomiske tider.	Prosjektleiar pilot Styringsgruppa NAV leiarane

## Andre kostnader knytt til prosjektet – kven skal dekke dei?

- Arrangement i regi av Jobbmot
- Tolkekostnad
- Marknads materiell
- Forsikring knytt til jobbsmak\*
- Med meir...

Kan ein nytte fordelingsnøkkelen  
som på førre slide?



# Fakta 2022

## Prosjektleiar Jobbmot

- Pr i dag så dekke Alver kommune både den statlege delen av prosjektleiarstillinga + Alver kommune sin del

## Ungdomslos Alver

- 50% dekka av bufdir midlar
- 50% dekka av Alver kommune



# Dialog og tilbakemelding frå kommunane

- Det har vore dialog med både Osterøy, Solund og Masfjorden kommune, som representant for vertskommune samarbeidet i Fensfjorden
- Det er ein utfordrande økonomisk for fleire kommunar og det er usikkert om ein kan rekruttere ein ungdomslos til utan tilskot frå for eksempel bufdir.
- Solund har gitt uttrykk for at dei ikkje heilt ser hensikt med å bidra i eit spleiselag for å dekke ein ungdomslos til da ungdommane flytt frå heimkommunen når dei skal gå på skule

# Kommunar som vi veit har bekrefta til bufdir at dei kan søke på tilskot til å inkludere barn og unge i 2023

- Nytt frå 2022 er at alle kommunar som ynskjer å nytte høve til å søkje om tilskot for å inkludere barn og unge må sende inn ei stadfesting til bufdir i forkant av utlysing av tilskotsmidlar. Les meir her: <https://ny.bufdir.no/tilskudd/inkludering-av-barn-og-unge/>
- **Fristar for 2023:** For at frivillige organisasjonar, private aktørar eller offentlege instansar skal kunne søke om tilskot, må kommunen **sende inn et stadfesting skjema innan fredag 14. oktober 2022**. Sjølve tilskotsordninga vil bli utlyst seinare i oktober
- Osterøy og Masfjorden har sendt inn denne stadfestinga innan fristen, og ein jobba og for at Austrheim skulle gjere dette (men her har vi ikkje fått tilbakemelding pt.).
- Så ein er i posisjon for å kunne søke om bufdir midlar for ungdomslos til utviding av Jobbmot
- Frist for å søkje om bufdir midlar for 2023 er 18.november 2022

# Diskusjon og konklusjon: Finansiering

1. Kva kan din kommune stilla opp med for å finansiere fleire ungdomsloser slik at vi får utvida nedfallsfeltet til Jobbmot i heile regionen?\*
2. Er kommunane med både på å dekke finansiering av ungdomslos:
  - i 50% i 3 år (2023-2026), om ein får midlar frå bufdir (ein får kun 50% dekning av stilling frå bufdir)?
  - ev 100% i 2 år (eller lenger), om ein ikkje får midlar frå bufdir?
  - Annet?
3. Kven av kommunane vil stille som søker til bufdir?\*\*
4. Korleis utvide jobbmot og ungdomslos vidare i regionen om ein ikkje får tilskotsmidlar?
5. Korleis få oversikt over alle initiativ knytt til ungdom i alle kommunane i regionen?
  - Korleis sikre at dette er koordinert i regionen og inn mot jobbmot
  - Finst det nokon overordna forum i regionen kor slik informasjon deles slik at ein kan lære av kvarandre?



\*Går til representantane for kommunane Masfjorden, Austrheim, Modalen, Gulen, Fedje, Osterøy og Solund

\*\* Premiss er at ein har bekrefta til bufdir om at dei har meldt seg på ordninga om «Tilskudd til inkludering av barn og unge 2023»

# Prosjektgruppa si anbefaling til vedtak

## Veldig uklar situasjon som gjer det utfordrande å kome med ei anbefaling i forkant av styringsgruppemøte...

Det er ynskjeleg å få utvida Jobbmot med ein ungdomslos til uavhengig av om ein får midlar frå bufdir eller ikkje. Men vi ser at det gjerne er ein premiss med tilskot på noverande tidspunkt grunna økonomisk situasjon i kommunane.

Nokre tankar kring kva eit vedtak kan innehalde – så må ein ta ei slutning i sjølve styringsgruppemøte 28.oktober 2022

### Alternativ 1

Styringsgruppa godkjenner at Jobbmot kan utvidast med ein ungdomslos til, men eit premiss er at ein får tilskotsmidlar til å dekke 50% av stillinga frå bufdir eller andre tilskotsordningar.

*Kommune x* stillar som søker og utviklingsprosjektet kan bidra med innsøkningstekst til koordinator i kommunen, når tilskotsmidlar er lyst ut.

Ungdomslos stilling vil først kunne tilsetjast når ein har fått tilskotsmidlar (det kan føre til at ein må vente til våren 2023....)

Tilsettingsforhaldet til ungdomslos vil vera *kommune x*, men nærmeste leiar vil vera *NAV kontorleiar i kommune x*

### Alternativ 2

Styringsgruppa godkjenner at Jobbmot kan utvidast med ein ungdomslos til, men eit premiss er at ein søker tilskotsmidlar for å dekke deler eller heile stillinga i perioden. Masfjorden stiller som garantist for alle kommunane i Fensfjorden samarbeidet. Solund og Osterøy stiller som garantist for sin del.  
Nedfallsfeltet til ungdomslosen = dei kommunane som er med på spleiselaget....

*Kommune x* stillar som søker og utviklingsprosjektet kan bidra med innsøkningstekst til koordinator i kommunen, når tilskotsmidlar er utlyst.

Ungdomslos stillinga – når kan den lysast ut og av kven (eks. NAV kontorleiar som server den kommunen kor ungdomslos blir midlertidig tilsett)?

Tilsettingsforhaldet til ungdomslos vil vera *kommune x*, men nærmeste leiar vil vera *NAV kontorleiar i kommune x*

**Fordelingsnøkkelen i kommunane blir etter ungdommar i aldersgruppe pr august 2022. Prosjektmidlar vil redusere den faktiske utgelta til kommunane**

# Eventuelt/oppfølging

- Neste styringsgruppemøte 2.desember
  - Tema: Sluttrapport
  - Sted: NAV Alver, kl. 12.00





*Godkjenne referat*